



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Hovudutval for lokal utvikling

Møtedato: 28.08.2018
Sak nr: 57/18

Saksbehandlar: Peter Willmann
Arkivsak: 18/1453-18

Arkiv: L13

DETALJREGULERING FOR GANG- OG SYKKELVEG LANGS FV. 252 LALANDSVEGEN - SØRE DEL PÅ TU, PLANID 6320

Saka gjeld

Under forhandlinga om grunnnerv og realisering av gang- og sykkelveg langs Lalandsvegen kom grunneigarane med ein klar oppfordring om at kommunen skulle revurdere plassering av kryssingspunktet, der gang- og sykkelvegen skifter frå austsida til vestsida. Dei meinte at ei plassering tett inntil krysset med Postvegen, der det er fartsdempar i dag, vil gje auka tryggleik. Val av kryssingspunkt i gjeldande plan var fastlagt ut frå omsyn til fornminner på vestsida av Lalandsvegen. Arkeologane i fylkeskommunen tok ei ny vurdering og kunne frigi eit tidlegare registrert fornminne. Administrasjonen har utarbeidd ny plan for dei første 220 m for gang- og sykkelvegen for å få kryssingspunktet nærast mogleg Postvegen.



Figur 1: Plankart

Gjeldande regulering

Gang- og sykkelvegen langs Lalandsvegen blei vedtatt i kommunestyret 20.06.2016. I sør viser reguleringsplanen dei første 220 m på austsida av Lalandsvegen før den skifter til vestsida på resten av den regulerte strekninga fram mot Klepp stasjon.

Gang- og sykkelvegen er nå ferdig prosjektert og entreprenør Stangeland Maskin er klar til å setje i gong opparbeiding hausten 2018.

Avklaring i høve til forskrift om konsekvensutgreiing

Klepp kommune har som ansvarleg planmyndigheit vurdert at planarbeidet ikkje kjem inn under Forskrift om konsekvensutredninger. Denne planen er i praksis ei enkel lita endring av gjeldande plan som likevel vil gje ein stor gevinst når det gjeld trafikktryggleik. Hovudprinsippet for gang- og sykkelvegen langs fylkesveg 252 Lalandsvegen blir uendra.

PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

Varsel om oppstart av planarbeid

Oppstart av planarbeid er varsla i Jærbladet 09.05.2018 og i brev til grunneigarar, naboar og høyringsinstansar datert 14.05.2018. Varsel om oppstart er og publisert på kommunen sine nettsider. Fristen for merknader vart sett til 08.06.2018. Det har kome inn 7 merknader til varsel om oppstart.

OMTALE AV PLANFORSLAGET

Plan- og bygningslova slår fast at eit forslag til reguleringsplan består av tre element: Plankart, bestemmelsar og planomtale. Sidan det står ein del grunnleggjande informasjon i planomtale, kan det vere ein fordel å lese gjennom vedlagte planomtale før ein les vidare i saksutgreiinga.



Figur 2: Planforslaget illustrert i retning Klepp stasjon, til venstre, og i retning Tu, til høgre. Kryssingspunktet blir omtrent der kor det er fartshumpar i dag.

VURDERING AV PLANFORSLAGET

Inngrep i landbruksareal

Denne reguleringsplanen erstattar ein tilsvarande gang- og sykkelveg med nøyaktig same breidde på motsett side. Arealforbruket er dermed akkurat likt, planen viser at tidlegare regulert areal til gang- og sykkelveg på sør-/austsida av Lalandsvegen, inkl. midlertidig anleggsbelte nå blir regulert tilbake til landbruk. At gang- og sykkelvegen på denne strekningen frå starten av blei plassert på sør-/austsida skuldast arkeologiske registreringar av ein gravhaug på motsett side. Når den nå viser seg til å vere fjerna ein gong på 50- talet, tok kommunen initiativ til å bytte side. Når det gjeld omsyn til landbruk bør dette vere eit greitt bytte.

Mjuke trafikantar

Det er ein klar fordel å flytte kryssingspunktet nærast mogleg krysset med Postvegen kor det i dag er etablert ein fartshump. Reduserte fartsgrenser blir meir respektert når dei ligg i tilknytning til busetnad langs vegen. Det er naturleg å sjå på belysning av heile kryssområdet mellom Lalandsvegen og dei to armene inn i Postvegen for å få best mogleg tryggleikgevinst ut av flytting av kryssingspunktet.

Konsekvensar for barn og unge

Alle forbetringar for mjuke trafikantar er i utgangspunkt positive for barn og unge som går eller sykklar for å kome seg til og frå skulen og fritidsaktivitetar.

Kollektivtrafikk – behov for busshaldeplass på nordsida av Lalandsvegen

Det er opparbeidd busshaldeplass i retning Klepp stasjon. Det har kome merknad om tilsvarende busshaldeplass på motsett side. Det har ikkje vore mogleg å få klare svar på behovet, særleg nå når gang- og sykkelveg reduserer behov for skuleskyss. Høyringa bør avklare dette. Det er enkelt å legge til kantstopp eller ein busslomme i rabatten til 2. gongs behandling.

Vurdering etter naturmangfoldloven §§ 8-12:

Gang- og sykkelvegen på vestsida av Lalandsvegen vil, på lik linje med den regulerte gang- og sykkelvegen, på austsida, som den nye planen erstattar, bli liggjande på fulldyrka mark.

Kommunen har gjennomført nødvendige vurderingar etter naturmangfoldloven §§ 8 - 12

Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar innanfor planområdet. Kommunen vurderer det slik at tiltaket ikkje medfører risiko for vesentleg skade på naturmangfaldet. Tiltaket vil etter kommunen sin vurdering ikkje auke den samla belastninga av økosystemet. Det er dermed ikkje aktuelt med avbøtande tiltak.

Risiko- og sårbarhetsvurdering

Utforming av kryssingspunkt etter vegnormalene er i utgangspunktet kvalitetssikra for å gje redusert risiko. Risiko for skade i kryssingssituasjonar aukar med aktuelt fartsnivå. Flytting av kryssingspunktet vil medverke til at bilane held lågare fart ved kryssingspunktet enn ved tidlegare løysing.

Rådmannen har vurdert om gang- og sykkelvegen skal forlengast og førast ut direkte i Postvegen. Etter nøye avveging har rådmannen kome fram til at å avslutte gang- og sykkelvegen i Postvegen kan føre til farelege situasjonar mellom bil og syklist. Kjem gang – og sykkelvegen vinkelrett ut i vegbanen må det ein 90 grader sving til som er vanskeleg å forutsjå for bilisten. Blir gang- og sykkelvegen ført parallelt med Postvegen for å «flette» syklisten inn i Postvegen kan også dette føre til ulukker fordi nedre delen av Postvegen ofte vil ha laus grus på vegbanen. Vi har konkludert at dei (relativt få) som kjem til å svinge inn i Postvegen frå nord (Klepp stasjon) med fordel sykklar ut i Lalandsvegen på det opphøgde gangfeltet og svingar inn i Postvegen i det «nye» krysset som reguleringsplanen viser.

Konsekvensar for kommunen

Endring av regulering frå 2016 endrar lite på totalkostnaden for gang- og sykkelvegprosjektet. Vedtak av planendringa vil dermed lette grunnerv og føre i auka aksept for tiltaket.

Konklusjon

Rådmannen fremmer med dette detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del på Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2019.

Vedlegg:

- Plankart, datert 14.08.2018
- Bestemmelsar, datert 14.08.2018
- Planomtale med innkomne merknader til oppstart av planarbeid datert 14.08.2018

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja forslag til detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del på Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, ut til offentlig ettersyn.

Hovudutval for lokal utvikling den 28.08.2018 sak 57/18**Samrøystes VEDTAK:**

Hovudutval for lokal utvikling vedtek i samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 å leggja forslag til detaljregulering for gang- og sykkelveg langs fv. 252 Lalandsvegen - Søre del på Tu, med tilhøyrande bestemmelsar og planomtale, alle datert 14.08.2018, ut til offentlig ettersyn.

Rett utskrift, 28.08.2018

Karin Sandve Vereide
møtesekr.

Mottakere:
Tenesteområde lokal utvikling